



# Aktivitetsplan 2024

Kommunikasjon og haldningsendrande arbeid i Miljøløftet



Miljøløftet



*Bilfri dag, Bergen sentrum 2023. Foto: Thor Brødreskift*

# Innhald

Hovudmål og kommunikasjonsmål for Miljøløftet.....	4
Fordeling av budsjett .....	6
Om aktivitetar og satsingsområde.....	7
Aktivitetskalender .....	8
Aktivitetar i 2024 .....	9
Budsjett 2024.....	12

# Hovudmål og kommunikasjonsmål for Miljøløftet

Hovudmålet til Miljøløftet er nullvekst: I byområda skal klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransport blir tatt gjennom kollektivtransport, sykling og gåing.

Kommunikasjonsarbeidet i Miljøløftet skal være forankra i nullvekstmålet. Det skal bidra til at fleire av dei reisande i Miljøløftet-området vel bort personbil som transportmiddel, til fordel for kollektiv, sykkel og gange. Så sjølv om vi blir fleire og reiser meir, skal ikkje personbiltrafikken auke.

## Kommunikasjonsmål

Miljøløftet har tre kommunikasjonsmål som støttar oppunder hovudmålet. Av desse er to eksterne, og eitt internt:

### 1. Kunnskap

Bygge kunnskap om Miljøløftet og prosjekta.

### 2. Endring

Bidra til at fleire endrar haldning og handling.

### 3. Flyt

Bygge og ivareta gode relasjonar internt mellom partane i Miljøløftet.

## Hovudbodskap

Den ståande hovudbodskapen, som óg står tilknytt logoen er: «Saman om Miljøløftet». Underbodskapen er: «Meir folk, men ikkje meir biltrafikk».

## Samarbeid for å nå måla

Miljøløftet er eit samarbeid, og samarbeid er viktig for å nå både kommunikasjonsmåla og nullvekstmålet. Alle partar har ansvar for å formidle historia om kvifor vi treng Miljøløftet og kva Miljøløftet er. Dette kan gjerast gjennom å dele informasjon og saker, og omtale og lenke til Miljøløftet.

For å kunne endre haldningar og handlingar er det viktig med god dialog og breitt samarbeid med andre aktørar med felles interesser: Skyss, Bedriftsidretten, Sykkelkids, Syklistenes landsforening og Trygg Trafikk er gode døme.

# Målgrupper

Eksterne	Interne
Innbyggjarane i Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden, Øygarden.	Partar, organ, arbeidsgrupper og andre som jobbar direkte inn i organiseringa av Miljøløftet, politisk og administrativt.
Næringsliv/offentlege tenester med transportbehov.	Medarbeidarar i dei ulike verksemdene som jobbar med Miljøløftet-prosjekt
Sentrale styresmakter og sentrale politikarar.	Alle medarbeidarar hjå partane.
Organisasjonar: Næringsforeiningar, arbeidstakarorganisasjonar, interesseorganisasjonar/samarbeidspartnarar	

## Prioriterte målgrupper

Nullvekstmålet gjeld for alle innbyggjarar i avtaleområdet. Samtidig peiker vi på nokre målgrupper som er særleg viktige for å oppnå endring i reisevanar:


- Skular og skuleelevar
- Jobbreisande og større arbeidsplassar

## Aktuelle kanalar

- Nettsida [www.miljøløftet.no](http://www.miljøløftet.no)
- [www.facebook.com/miljoloftet](https://www.facebook.com/miljoloftet)
- [www.instagram.com/miljoloftet](https://www.instagram.com/miljoloftet)
- Eksisterande kanalar hjå alle partane: Intranett, eksterne nettsider og ulike sosiale medium hjå kommunane Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden, Vestland fylkeskommune, Bybanen Utbygging, Jernbanedirektoratet, Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen.
- I det offentlege rom: Eigne arrangement, utdelingar og opningar, og stand under andre sine arrangement.
- Skilting på byggeplassar og andre strategiske plasser for å vise prosjekta i Miljøløftet og kva dei bidreg til.
- Media (BT, BA, lokalaviser i heile avtaleområdet, NRK Hordaland, TV2).
- Presentasjonar, informasjonsmøte, og møte i styringsgruppa (vert strøyma og lagt ut offentleg).
- Betalt annonsering på digitale og trykte flater.

# Fordeling av budsjett

Budsjettet er på kr 2 550 000 og fordeler seg på tre hovudtema



## Budsjettfordeling pr tema

- 61 % Sykkel, gange og trafikksikkerheit
- 21 % Miljøløftet som heilskap
- 18 % Kollektiv

---

Budsjettet er fordelt på tre typar aktivitetar



## Budsjettfordeling per type aktivitet

- 72 % Reiserådgeving med direkte publikumskontakt
- 18 % Reiserådjevingskampanjar
- 10 % Opningar og markeringar

# Om aktivitetar og satsingsområde

I 2024 vil vi fortsetje å bygge opp under dei to eksterne kommunikasjonsmåla for Miljøløftet: Kunnskap og endring. Vi vil bygge kunnskap om Miljøløftet og prosjekta, og vise både grunnen til at Miljøløftet finst, og kva Miljøløftet-samarbeidet resulterer i. Samtidig skal Miljøløftet bidra til å endre haldningar og reisevanar slik at ny infrastruktur og nye tilbod blir tekne i bruk av innbyggjarane.

## Etablerte tiltak

Som tidlegare år, er det tre tiltak som til saman utgjer ein stor del av budsjettet i aktivitetsplanen.

### Gratis sykkelservice i samband med Sykle til jobben

Våren er ei tid då mange hentar fram att sykkelen, og gratis sykkelservice er ein god måte å profilere Miljøløftet på i avtalekommunane. Samtidig motiverer vi til deltaking under aktivetskampanjen Sykle til jobben. Her samarbeider og koordinerer Miljøløftet med Bedriftsidretten og kvar enkelt kommune. Større arbeidsplassar er ei hovudmålgruppe.

### Mobilitetsveka

Europeisk mobilitetsveke blir arrangert kvart år frå 16.–22. september, og Miljøløftet brukar veka til å setje sykkel, gange og kollektivtransport på dagsorden i alle Miljøløftet-kommunane. Bilfri dag og sykkelshow er noko av det som står på programmet, og aktivitetar retta mot barn og unge er spesielt prioritert.

### Vintersykkelkampanje

Dei siste åra har Miljøløftet hatt ein kampanje rundt vintersykling, der ein kan kjøpe eit piggdekk og få det andre spandert gjennom Miljøløftet. I 2023 var det stor auke i etterspørselen, og tilbodet står også på planen for 2024.

## Andre satsingsområde

### Prosjektkommunikasjon, opningar og markeringar

I 2023 vedtok styringsgruppa rutinar for byggeplass-skilting av Miljøløftet-prosjekt. Design av skilt og annan prosjektinformasjon i nærområda er noko som også blir prioritert i aktivitetsplanen. Ein god prosjektkommunikasjon frå byggestart til opningsarrangement viser innbyggjarane kva ein får att for å vere med i Miljøløftet, og bidreg til at ferdigbygde prosjekt blir tatt i bruk.

### Reisevanekampanjar

For 2023 planlegg vi fleire kampanjar på nett og i sosiale medium. «Min reisekvardag» og «Ta sykkelen til kamp» er nye kampanjar, medan «Endre reisevanar: gevinstar» er ei vidareføring av kampanjen frå 2023. Då laga vi fem filmar med budskapen «Kva kan du tene på å velje miljøet?». Filmene fokuserte på gevinstane du kan oppnå ved å velje gange, sykkel og kollektivtransport, i form av sparte pengar, spart tid, og betre helse og livskvalitet.

# Aktivitetskalender

	Reiserådgeving med direkte publikumskontakt		Reiserådgevingskampanjar		Opningar og markeringar	
Jan					Opning Kv. 1158 Kvernhusdalen, Askøy	○○○
Feb			Konkurranse: Min reisekvardag	○○○	Sykkelskåp og anna trygg sykkelparkering, fleire kommunar	
Mar			Kampanje: Endre reisevanar: Gevinster 2	○○○	Byggestart, sykkelveg Bradbenken–Glass Knag, Bergen	
Apr		○	Kampanje: Sykle til kamp	○	Opning av dobbeltspor jernbane, Arna-Bergen	
Mai	Sykkelservice: (Sykle til jobben-aksjonen)	○			Installasjon og opning av Paradis bru (gang-/sykkelbru i kompositt), Bergen	
Jun	Verdas sykkeldag	○			Opning Fv. 5215 Håkonshella, Bergen	
Jul					Byggestart Hatvikvegen, Bjørnafjorden	
Aug					Opning av snarvegar, Bergen, fleire stadar	
Sep	Mobilitetsveka	○○○	Gatekunststunt: Takk for at du går!			
Okt						
Nov	Piggdekkkampanje	○				
Des						

○ Sykkel, gange og trafikksikkerhet

○ Miljøløftet som heilskap

○ Kollektiv



# Aktivitestar i 2024

## Februar

### Konkurransen: Min reisekvardag

Ta bilete av din grønne reisekvardag og bruke definert emneknagg (#hashtag) som er laga for konkurranse.

**Segment:** Reiserådgevingskampanje

**Mål:** Inspirere til grønne reisevanar.

**Overordna budskap:** Miljøløftet er drivaren for nullutsleppstransport i regionen.

**Digitale kanalar:** Kampanje. Organiske og betalte postar på Facebook og Instagram. Artikkel på nettside.

---

## Mars

### Endre reisevanar: Gevinstar 2

Korleis gir grønne reisevanar gevinst for både helse, personleg økonomi og miljøet? Del to av kampanjen fra i fjor, no med meir kjende fjes.

**Segment:** Reiserådgevingskampanje

**Mål:** Å få innbygarane i kommunane til å velje miljøvennlege transportmiddel framfor bil.

**Overordna budskap:** Grønne reisevanar gjev gevinst for både helse, personleg økonomi og miljøet.

**Digitale kanalar:** Kampanje. Organiske og betalte postar på Facebook og Instagram. Artiklar på nettside.

---

## Mai

### Sykkelservice: Sykle til jobben-aksjonen

○ Sykkel, gange og trafiksikkerheit (mjuke trafikantar)

**Segment:** Reiserådgeving med direkte publikumskontakt.

**Mål:** Gjere det endå meir attraktivt å sykle til jobben + gjere folk klar til vår/sommar-syklinga.

**Overordna budskap:** Takk til deg som sykklar til jobb!

**Digitale kanalar:** Digital kampanje. Organiske og betalte postar på Facebook og Instagram. Artikkel på nettside. Eventuell digital annonse i lokal- og regionspresse.

**Event:** Stand med sykkelservice i Bergen og i omegnskommunene.

**Målgruppe:** Alle som bur eller jobbar i Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden, eller jobbar i Vestland fylkeskommune. Særleg jobbsyklistar og store bedrifter.

**Område:** Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden.

## Sykkelservice: Sykle til kamp

● Sykkel, gange og trafiksikkerheit (mjuke trafikantar)

**Segment:** Reiserådgeving med direkte publikumskontakt.

**Mål:** Gjere det meir attraktivt å sykle til Brann-kamp

**Overordna budskap:** Takk til deg som sykklar til kamp!

**Digitale kanalar:** Digital kampanje. Organiske og betalte postar på Facebook og Instagram. Artikkel på nettside. Eventuell digital annonse i lokal- og regionspresse.

**Event:** Stand med sykkelservice

**Målgruppe:** Fotballinteresserte i Bergen

**Område:** Bergen

---

## Juni

### Verdas sykkel dag, 3. juni

**Segment:** Reiserådgeving med direkte publikumskontakt.

**Mål:** Løfte fram sykkelen som eit enkelt, rimeleg, reint og miljøvennleg framkomstmiddel.

**Digitale kanalar:** Artikkel på nettside. Deling av bilete i eigne kanalar.

**Event:** Sykkelaktivitet retta mot barn og unge.

**Målgruppe:** Barn og unge

**Område:** Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden.

---

## September

### Mobilitetsveka 16.–22. september

**Segment:** Reiserådgeving med direkte publikumskontakt.

**Mål:** Gjere folk merksame på alle fordelane med berekraftig mobilitet. Inspirere til å gå, sykle og reise meir kollektivt.

**Overordna budskap:** Takk for at du sykklar og går! + Takk for at du reiser kollektivt!

**Digitale kanalar:** Digital kampanje. Organiske og betalte postar på Facebook og Instagram. Artikkel på nettside. Eventuell digital annonse i lokal- og regionspresse.

**Event:**

#### Aktivitetar i vekedagene

- Takk for at du reiser kollektivt: Markering på knutepunkt/stoppestader med musikk og utdelingar.
- Ulike arrangement med sykkelshow og sykkelservice i alle omegnskommunar. Gjere i samarbeid med kommunane.
- Fagseminar og andre arrangement. Gjere i samarbeid med andre aktørar.

## Aktiviteter i helg

- Bilfri dag i Bergen sentrum. Vi stenger eit gateløp for biltrafikk og fyller det med aktivitetar.

**Målgrupper:** Alle, men med særleg fokus på barn og unge

**Område:** Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden.

## Gatekunststunt: Takk for at du går!

**Segment:** Reiserådgeving kampanje.

**Mål:** Skape merksemd og kunnskap om byvekstvtalen og gåing.

**Overordna budskap:** Takk for at du går!

**Digitale kanalar:** «Behind the scene». Artikkel på nettside

**Event:** «Takk for at du går» som grafittkunst på vegg. UiB-bygning sett frå bybanestoppet på Nygård kan vere ein aktuell stad.

**Målgruppe:** Alle

**Område:** Bergen

---

## **Oktober/november**

### Piggdekk-kampanje

**Segment:** Reiserådgeving med direkte publikumskontakt.

**Mål:** Auke talet på vintersyklistar.

**Overordna budskap:** Javisst kan du sykle om vinteren også.

**Digitale kanalar:** Digital kampanje. Organiske og betalte postar på Facebook og Instagram. Artikkel på landingsside/heimesida. Eventuell digital annonse i lokal- og regionspresse.

**Event:** Kampanje med gratis piggdekk. Gate-event med giveaways på sentrale lokasjonar for å promotere kampanjen – i Bergen og omegnskommunene eller stand på kjøpesenter ved oppstart av kampanjen.

**Målgruppe:** Syklende i Bergen og omegnskommunane.

Store arbeidsplassar + eksisterende og aspirerende vintersyklistar.

**Område:** Bergen, Bjørnafjorden, Alver, Askøy og Øygarden.

## Januar–desember

### Opningar og markeringar

● Byvekstvtalen (heilskapleg fokus)

**Segment:** Opningar og markeringar

**Event:** Opningar og markeringar

**Område:** Alver, Askøy, Bergen, Bjørnafjorden og Øygarden

#### Tentative opningar/markeringar:

Opning Kv. 1158 Kvernhusdalen, Askøy	Askøy
Sykkelskåp og anna trygg sykkelparkering, fleire kommunar	Alle
Byggestart, sykkelveg Bradbenken–Glass Knag, Bergen	Bergen
Opning av dobbeltspor jernbane, Arna-Bergen	Arna
Installasjon og opning av Paradis bru (gang-/sykkelbru i kompositt), Bergen	Bergen
Opning Fv. 5215 Håkonshella, Bergen	Bergen
Byggestart Fv. 552 Hatvikvegen, Bjørnafjorden	Bjørnafjorden
Opning av snarvegar, Bergen, fleire stader	Bergen

## Budsjett 2024

Merk at budsjettet er tentativt, og at fordeling og prioritering kan bli endra om det er behov for det.


Hva	Tidspunkt	Beskrivelse	Budsjett*
Konkurranse: Min reisekvardag	jan–des	kampanje	kr 50 000
Kampanje: Endre reisevanar: Gevinstar 2	jan–des	kampanje	kr 300 000
Prosjektkommunikasjon (Byggeplass)	jan–des	kampanje	kr 100 000
Sykkelservice: (Sykle til jobben-aksjonen)	mai–jun	event/kampanje	kr 500 000
Kampanje: Sykle til kamp	apr–mai	kampanje	kr 50 000
Verdas sykkeltdag	jun	event/kampanje	kr 50 000
Mobilitetsveka	sep	event/kampanje	kr 1 000 000
Piggdekkkampanje	okt/nov	event/kampanje	kr 300 000
Opningar og markeringar (5)	jan–des	Opningar	kr 150 000
Gatekunst – stunt: Takk for at du går	sep	kampanje	kr 50 000
Sum			kr 2 550 000

\*Beløp eks. mva.



*Sykkelparade under opningshelg for Fyllingsdalstunnelen og Kronstadtunnelen, 16. april 2023.*

*Foto: Thor Brødreskift.*



Miljøløftet  
Nygårdsgaten 112, 5009 Bergen  
miljøløftet.no



Bergen kommune | Alver kommune | Askøy kommune | Bjørnafjorden kommune | Øygarden kommune  
Vestland fylkeskommune | Jernbanedirektoratet | Statens vegvesen | Statsforvaltaren i Vestland